



Den gode skulen er tema på møtet i Gamleskulen måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det blir eit nytt Dialogforum i Gamleskulen måndag klokka 19 og overskrifta over møtet er 'Skulestruktur og den gode skulen i framtida'. Rektor Vidar Haugland vil innleia på bakgrunn av dei føreslegne endringane i skulestrukturen opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal.**

Bringedal minner om at dette er eit ope møte der alle interesserte har høve til å møta. Samstundes presiserer han at målet med Uskedalen Utvikling sitt Dialogforum er å fremja positive haldningar, samarbeid og samhandling for god bygdeutvikling, Difor er ikkje møtet eit aksjons- og mobiliseringsmøte slik vi ser frå andre bygder i Kvinnherad no om dagen.

Møteleinga vil ha fokus på kva som er grunnlaget for den gode skulen i åra framover, kort sagt tiltak som styrker eit samla oppvekstmiljø. Stikkord her er ikkje berre skule og barnehage, men også skulefritidsordning, kultur- og fritidsaktivitetar, friluftsliv og rekreasjon, trafikksikring, gode bustadtilhøve og trygge og gode leikeområde.

Det blir også ein gjennomgang av saker på Dialogforumet i fjor. Difor er det høve til å melda inn nye saker til møtet måndag.

Av Ola Matti Mathisen